

## Prosjektrekneskap for SkatteFUNN-prosjekt

Det er viktig at det undervegs blir ført løpende prosjektrekneskap som dokumenterer utgiftene i prosjektet. Timelister må signerast minst kvart kvartal. Prosjektbudsjettet må vere skilt frå andre delar av driftsbudsjettet til bedrifta.

Gå rett til:

[Rammer og satsar](#)

[Eksempel på berekning av timesatsar](#)

[Patenteringskostnader](#)

[Aktivitatar som ikkje kan få støtte](#)

[Skatteoppgjeret](#)

### Dei reelle kostnadene tel

Budsjettet i søknaden er ikkje bindande. Det er dei reelle kostnadene du har hatt i prosjektet som blir teke med i frådraggrunnlaget. Kostnaden kan vere høgare eller lågare enn det du budsjetterte med i søknaden, men kostnadene må vere knytte til det godkjende prosjektet slik det er formulert i søknaden.

Timar som blir førte på eit SkatteFUNN-prosjekt må dokumenterast med løpende signering av timelister for at de skal kunne få SkatteFUNN-frådrag. Ofte kan systemet som bedrifta elles bruker for timeføring bli brukt til dette, men de bør kontrollere at systemet varetek dei krava som blir stilte. Det vil seie at det må kunne leggjast fram timelister som viser, fordelt per dag, namn på FoU-person, talet på timar, og dessutan kva delmål/arbeidspakker som er omarbeidde. FoU-medarbeidar og prosjektansvarleg skal signerer timelistene løpende, minst kvart kvartal.

Kravet gjeld også dei timane som er komne før godkjenninga ligg føre. Derfor må nødvendige system og rutinar for timeføring og signering vere på plass så snart føretaket byrjar å jobbe med eit prosjekt.

Det er eit absolutt krav med signerte timelister for å dokumentere personal- og indirekte kostnader. Har de ikkje slike timelister, vil diverre kostnadene baserte på desse timane bli strokne.

### Eksempel på rekneskap

→ Last ned eksempel på et prosjektrekneskap

### Rammer og satsar

Informasjon om kva kostnader som kan inngå i frådraggrunnlaget og andre avklaringar finn du i [SkatteFUNN-forskrifta og skatteloven §16-40](#) eller hos [Skatteetaten](#).

Frådrag blir ført via skattemeldinga til Skatteetaten. Utbetaling/reduksjon i skatt kjem via skatteoppgjeret.

- Frådragprosenten er 19 prosent for alle bedrifter, uavhengig av storleik på selskapet.
- Kostnadane som blir lagde til grunn for å berekne skattefrådraget er avgrensa til 25 millionar kroner per inntektår.
- Maksimal timesats for eigne tilsette er 700 kroner per time. Timelønna blir rekna ut som 1,2 promille av avtalt og reell årslønn. Maksimalt 1850 timar kan førast per tilsett per år.
- Ver tidleg ute med timeregistrering. Kravet gjeld også for dei timane som er komne før godkjenninga ligg føre. Derfor må nødvendige system og rutinar for timeføring og signering vere på plass før føretaket byrjar å jobbe med eit prosjekt. Det er eit absolutt krav med signerte timelister for å dokumentere personal- og indirekte kostnader. Har de ikkje slike timelister vil kostnadene basert på desse timane bli strokne.
- Ulønt arbeidsinnsats gir ikkje grunnlag for frådrag. Enkeltpersonføretak og andre føretak som ikkje har tilsette, kan ikkje føre lønnskostnader som grunnlag for skattefrådrag. Det vil seie at prosjektarbeid som blir utførte av personar med tilknytning til bedrifta men utan å ha eit tilsetjingsforhold og dokumenterbar avtalt lønn, blir rekna som ulønt arbeidsinnsats.
- Bedrifter som har fleire godkjende prosjekt samtidig, må vere merksame på at ramma gjeld per bedrift per år.
- Arbeid utført i prosjektet av det som blir definert som nærstående bedrift, har same krav til føring av signerte timelister som arbeid utført i søkjarbedrifta. For definisjon av kva som blir rekna som ei nærstående bedrift, sjå skattelovens §16-40 og forskrift for SkatteFUNN, punkt 16-40-3.
- Frådragretten er avgrensa til kjøp av FoU-tenester frå land innanfor EØS og land som Noreg har skatteavtale eller informasjonsutvekslingsavtale med.

### Eksempel: berekning av timesats for eigne tilsette

Maksimalt 1850 timar kan førast per tilsett per år. Timesatsen for eigne tilsette er avgrensa til 1,2 promille av avtalt og reell årslønn ved utgangen av prosjektperioden eller inntektsåret. Timesatsen kan ikkje overstige 700 kroner per time.

#### Eksempel på timeføring

Per jobbar 80 % i bedrifta, og har nominell lønn på kr 332 000.

Han jobbar 158 timar med prosjektet i løpet av eit år.

Anne jobbar 100 % i bedrifta, og har nominell lønn på kr 600 000.

Ho jobbar 1850 timar med prosjektet i løpet av eit år.

#### Berekning Per:

Pers lønn må først reknast om til ei full stilling, som gir 415 000 kroner.

Timesats:  $415\,000 \times 1,2\,\% = 498$ .

Kostnadene for Per i prosjektrekneskapen blir:  $498 \times 158 = 78\,684$ .

#### Berekning Anne:

Timesats:  $600\,000 \times 1,2\,\% = 720$ .

Ein kan maks føre opp ein timesats på 700.

Kostnadene for Anne i prosjektrekneskapen blir:  $700 \times 1850 = 1\,295\,000$ .

### Patenteringskostnader

Små og mellomstore bedrifter kan kostnadsføre utgifter til første gongs patentering, i samsvar med [SkatteFUNN-forskriften § 16-40-6, 4. ledd](#):

*Små og mellomstore bedrifter får fradrag for kostnader knyttet til førstegangs patentering. Fradraget gjelder alle kostnader forut for tildelingen av rettigheten i første jurisdiksjon, herunder kostnader knyttet til utarbeiding, inngivelse og oppfølging av søknaden så vel som kostnader til å fornye søknaden før rettigheten er tildelt.*

#### Definisjon – Små og mellomstore bedrifter

**Små bedrifter:** Små bedrifter har færre enn 50 tilsette og ein årleg omsetning eller balanse som ikkje overstig 10 millionar euro.

**Mellomstore bedrifter:** Mellomstore bedrifter har færre enn 250 tilsette og ei årleg omsetning som ikkje overstig 50 millionar euro eller balanse som ikkje overstig 43 millionar euro.

Kva storleikskategori bedrifta blir plassert i avheng også av eigarforhold og samband til andre bedrifter som beskrive i § 16-40-5 i forskrift til § 16-40 i skattelova av 26. mars 1999. Ei bedrift vil i SkatteFUNN-samanheng sjåast på som ei stor bedrift om ho saman med eigarbedrifta har 250 tilsette eller fleire, eller omsetning til bedriftene totalt overstig 50 millionar euro.

#### Aktivitetar som ikkje kan få støtte

SkatteFUNN er støtte til forskning og utvikling og ikkje støtte til drift og produksjon. [SkatteFUNN-forskrift § 16-40-2 \(3\)](#) gir eksempel på aktivitetar som av den grunn ikkje kan få støtte gjennom SkatteFUNN.

Det blir ikkje gitt frådrag for kostnader i tilknytning til forskingstenester som blir omsette (oppdragsforskning).

Kostnader i samband med søknad om godkjenning av prosjektet og revisorstadfesting i vedlegg til skattemeldinga, kan ikkje inngå i frådraggrunnlaget.

#### Skatteoppgjeret

Alle som krev skattefrådrag i SkatteFUNN-ordninga må ha revisorattestasjon av prosjektrekneskapet som tallene i skattemeldingen er basert på. Det vil seie at revisor må attestere kostnadene og stadfeste opplysningane om offentlig støtte. Dette gjeld uavhengig av om skattytar er revisjonspliktig eller ikkje. Tal som skal inn i år- eller sluttrapport til Forskingsrådet innan 1. mars kvart år, treng ikkje revisorgodkjenning.

Godkjenninga av eit SkatteFUNN-prosjekt gjeld for heile kalenderår. Det vil seie at du kan krevje skattefrådrag for prosjektkostnader du har hatt gjennom heile det kalenderåret du har fått godkjenning for.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.